

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 16.11.2009  
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**  
Saka gjeld: **Ny mal for styret si eigenevaluering**

## Arkivsak

2006/616/

**Styresak 113/09 B**

**Styremøte 02.12. 2009**

---

## Bakgrunn

God verksemdstyring inneberer mellom anna at styret treng ein god eigenevaluering. Gjennom eigenevalueringa vil ein kunne få betre kunnskap om dei forhold som påverkar styret sitt arbeid, og ein vil kunne få auka konsensus kring styret si rolle og arbeid og korleis det fungerer i dag. I tillegg vil eigenevalueringa synleggjere område som det er viktig å forbetre.

Revidert styreinstruks for styret i Helse Vest RHF blei vedteken i styremøte 6. september 2006, sak 073/06 B. Styreinstruksen legg til grunn at styret årleg gjennomfører ei eigenevaluering og ei evaluering av administrerande direktør, jf. styreinstruksen pkt 4.2 anna og tredje avsnitt.

Gjeldande mal for styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør blei vedteken i styremøte 14. desember 2007 – sak 126/07 B.

Det har vore eit ønskje at det blei gjort ei vurdering av gjeldande mal for styret ei eigenevaluering. I samband med dette er det også blitt peika på at helseføretaka gjer dette på svært ulikt vis, og at det kan vere grunn til å utarbeide eit felles opplegg for eigenevalueringa gjeldande for heile helseføretaksgruppa.

## Kommentarar

Styret si eigenevaluering kan bli lagt opp på ulike måtar og ved bruk av ulike former for støttedokument. Når styre skal evaluera seg sjølve, bør ein uansett ta utgangspunkt i styret sine hovudoppgåver og verksemda sine utfordringar. I tillegg er det anbefalt at det opplegg ein vel

- er enkelt å nytte og ikkje tar for mykje tid
- inspirerer til dialog i styre
- er ein drivar for utvikling av styrearbeidet og styret si evne til samarbeid

Eigenevalueringa kan med fordel bli bygd opp meir systematisk enn gjeldande mal for styret i Helse Vest er. Ved utarbeiding av ein ny mal er det også viktig at ein fangar opp følgjande hovudområde:

- styre sine resultat
  - verdiar
  - mål og strategiar
  - økonomi

- eksterne krav til styre
  - eigarar
  - verksemda
  - openheit
  - omdømme
- styre sitt indre liv
  - samansetting
  - styreleiing
  - indre kvalitet
  - kvalitet på avgjerdar

I tillegg til at Helse Vest si mal bør bli gjennomgått med tanke på struktur, bør det også bli vurdert om det i malen burde bli nytta ei form for score/poenggivning. Dette er ein enkel og relativt vanleg brukt teknikk. Eit viktig føremål med skjemaet bør vere at det er eit verktøy for å få fram dei gode diskusjonane. Bruk av score/poenggivning er slik sett eit nyttig virkemiddel.

Vedlagt følgjer utkast til to alternativ som er sett opp med bakgrunn i erfaringar frå andre styre. Begge alternativa er basert på spørjeskjema som styremedlemmane blir bedt om å fylle ut i forkant av det møtet der sjølve evalueringa skal finne stad. Resultata frå spørjeundersøkinga blir samanfatta i ei eiga rapport som blir det dokumentet som vil ligge til grunn for styret si drøfting.

Hovudforskjellen mellom dei to alternativa er detaljgraden i score. Tal spørsmål i alternativ ein kan synast å vere vel omfangsrikt og til dels er ein del av spørsmåla overlappande. I ein endelig versjon bør ein vurdere å avgrensa tal spørsmål.

Ei anna forskjell er at det i alternativ to er lagt opp til at ein kan gi utfyllande kommentarar i tillegg til poengscore.

Styret blir invitert til å gi innspel til dei to alternativa og val av retning for ny mal i samband med evalueringa i sak 120/09. Endeleg forslag til ny mal vil deretter bli lagt fram for styret i neste møte.

## **Forslag til vedtak**

Styret ber administrerande direktør utarbeide ny mal for styreevaluering basert på alternativ x. Administrerande direktør innarbeidar styret sine merknader.

Vedlegg:

Ny mal for styret ei eigenevaluering – alternativ 1

Ny mal for styret si eigenevaluering – alternativ 2